


Påska 2021



28.mars – 5.april

Nåde vere med dykk, og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus!

Heller ikkje år vert det påskekudstenester rundt om i kyrkjene i landet vårt. Brått vart mykje stengt rundt oss, og også gudstenestene er avlyst.

Spørsmålet vert då, i år igjen: Korleis skal vi då feire påske?


Vi må gjere det der vi er, så godt det let seg gjere!
Kanskje kan du gjere noko i heimen? Kanskje kan du gå ei påskevandring, rundt kyrkjene? (les meir på volda.kyrkja.no!) Kanskje er det musikk du kan lytte til, ei bok du kan finne fram? Kanskje er det nokon ein kan samtale med? Kanskje kan du høyre radiogudsteneste eller sjå ei gudsteneste på tv eller nett? Kanskje kan dette heftet vere noko å bruke, som ei hjelp til å finne fram til tekstar og salmar og bønner?

Påska er ikkje avlyst, seier preses Olav Fykse Tveit! Det som hende den gongen i Jerusalem vert kvar påske særskilt nærverande for oss to tusen år seinare: Han som stod opp, er framleis levande; han er framleis hos oss, han vil framleis møte oss. Vi treng ei levande påsketru, ei tru på at Jesus framleis inviterer til liv og fellesskap, midt i ei verkelegheit prega av uro og redsle!

Så lat oss synge og be og høyre forteljingane om den første påska. Lat oss feire påske. Der vi er, men saman med alle dei andre!

Velsigna påskehøgtid!

Palmesøndag 28.mars



Frå Volda kyrkje

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Hosianna, Davids son! Velsigna vere han, som kjem i Herrens namn!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118, 25-29 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Matteus 26, 6-13

Andakt ved sokneprest Ingrid Finsådal Bakke

Gjelds-slettinga

Det er både rart og trist at vi for andre år på rad må gå inn i påskehøgtida utan å få samlast til gudstenestefellesskap i kyrkjene våre. Vi er slitne av reglar og restriksjonar og av den usynlege virusmittefaren. Likevel må vi halde ut, for vi trur jo at styresmaktene vil vårt felles beste. Men mange av oss lengtar etter forandring – og etter å få treffast igjen for å klemme og syngje saman.

Den påska Jesus kom ridande inn i Jerusalem på eit esel, vart også han møtt av folk som lengta etter forandring. Dei lengta etter ein som kunne fri og frelse dei frå synlege undertrykkande herskarar, og håpet var at denne redningsmannen var Jesus. Derfor stimla dei saman og tok imot han med jublande hosianna-rop og vaiande palmegreiner.

Men så stilna larmen og ropa. Palmegreinene forsvann og den stille veka nærma seg. Det fortel evangelieteksten på årets palmesøndag. Under eit måltid heime hos Simon den spedalske, blei ei alabastkrukke med kostbar salve opna, og ei namnlaus kvinne auste salven ut over Jesu hovud. Enkelte kalte det sløsing, og meinte salven

heller kunne vore seld og pengane gjeven til dei fattige. Men Jesus sa: «Det er greitt! Kvinna gjer ei god gjerning. Ho salvar meg til mi gravferd. Dei fattige har de alltid hos dykk.» Det var eit merkeleg svar. For i 5.Mos 15, der utsagnet var henta frå, handla det om sletting av gjeld.

Og gjeldsslette-vilkåra i den gamle pakta, ville garantert vore eit evangelium for moderne huskjøparar som lever med dagens boligprisauke: For den gongen skulle all gjeld ettergjevast kvart sjuande år! «Ettergjevings-året» vart det kalt. Eit kjent uttrykk for jødane på Jesu tid. Ordninga var at kvart sjuande år skulle ein etter lova få sletta all gjeld, utan å gjere noko for det. Det skulle skje gratis – eller sagt med andre ord – av nåde!

Ved bordet hos Simon, gjekk irritasjonen over til undring for venene til Jesus. For kva var samanhangen mellom salvinga og ettergjevinga – og Jesu død og gravferd?

Meisterens bodskap var dette: «Like raust og u-sparsommeleg som denne kvinna auser ut salva over hovudet mitt, skal også eg snart ause ut blodet mitt for all verdas synd. Slik skal de få alt ettergjeven av berre NÅDE!»

Det er evangeliet – ikkje berre for moderne huskjøparar – men for alle som slit med gjeld og uoppgjorte ting i livet.

Vi menneske kan kjenne på lengslar. Det gjer også Gud. Han lengtar etter forsoning, fred og fellesskap med oss. Derfor sendte han Jesus. For at Han skulle vere den frelsaren og frigjeraren menneska lengta etter. Jesus kom for å ettergje vår gjeld innfor Gud. Nokon ville kanskje gjerne også fått ettergjeve gjeld av meir verdsleg karakter, men den må vi sjølv ta ansvar for og betale med avdrag og renter. Annleis er det med vår gjeld til Gud, den slepp vi å arbeide med å betale ned. Etter Jesu død og oppstode får vi alt av NÅDE!

Forsakinga og Truvedkjenninga

Eg forsakar djevelen og alle hans gjerningar og alt hans vesen.

Eg trur på Gud Fader, den allmektige,
som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus,
Guds einborne Son, vår Herre,
som vart avla ved Den heilage ande,
fødd av Maria møy,
pint under Pontius Pilatus,
vart krossfest, døydde og vart gravlagd,
fór ned til dødsriket,
stod opp frå dei døde tredje dagen,
fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Gud, den allmektige Fader,
skal koma att derifrå

og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande,
ei heilag, allmenn kyrkje,
eit samfunn av dei heilage,
forlating for syndene,
oppstoda av lekamen og evig liv.
Amen.

Bøn

Jesus Kristus, audmjuke konge,
du kom til oss, fornedra og fattig.
Vi bed deg:
Forson oss med Gud og med kvarandre.
Lær oss å gje avkall på vårt eige og følgja deg,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.
Amen.

(Dagens bøn for palmesøndag)

I dag ber vi spesielt for:

For kyrkjelydane våre

For konfirmantane våre

For kyrkja over heile verda

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme:

Norsk salmebok 149 Hosianna! Syng for Jesus

T 1979 Eyvind Skeie

M 1979 Harald Herresthal

1 Hosianna! Syng for
Jesus,
syng for kongen uten
prakt.
Se, han rider på et esel
slik profeten før har sagt.

2 Hosianna! Han er salvet
til å dø for folket sitt.
Han vil bære bånd og
lenke,
så hans folk kan være
fritt.

3 Hosianna! Det er påske.
Jesus drar mot død og
grav.

Ydmyk, for å tjene andre,
legger han sin allmakt av.

4 Hosianna! Syng for
Jesus!

Syng for kongen når han
drar
mot sitt kors, ja, mot den
trone
der hans makt blir
åpenbar!

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✝ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Måndag 29.mars

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 115, 1-6.11.15-16 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Høgsonen 4, 13-16 og Evangeliet etter Markus 11,
12-19

Bøn

Herre, Jesus, med den såra lekamen, hjelp oss å sjå deg
Herre Jesus, med den brennande tornekrona, hjelp oss
til å sjå deg.

Herre Jesus med den lidande kjærleiken, hjelp oss til å sjå deg.

Herre Jesus: I vår synd og vår avmakt, sjå oss.

Herre Jesus: I vår anger og fortviling, sjå oss.

Herre Jesus: i vår siste time og på den ytterste dag, sjå oss.

Sjå oss som dine. Og lat oss få sjå deg som vår. Amen
(nr.55 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Skular og barnehagar i Volda kommune

Born og unge

Alle som arbeider med born og unge

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 703 Å, for djup i Jesu kjærleik

T 1875 Samuel T. Francis

O 1935 Tormod Vågen

M 1896 Thomas J.
Williams

1 Å, for djup i Jesu
kjærleik!

Utan grenser, botnlaus,
fri!

Som ei mektig havsens
bylgje

har han løynt mi
syndetid.

Over, under, rundt
omkring meg

er hans sterke kjærleiks
straum,

driv meg fram imot mitt
heimland,

dyre, fagre

framtidsdraum!

2 Å, for djup i Jesu
kjærleik!

Sprei hans pris frå hav til
hav:

Kor han elsker alle, alle,
frelser oss frå synd og
grav,

kor han vaktar sine kjære
som han kjøpte med sitt
blod,

kor han bed for veike
vener,

sender kraft og trøyst og
mod!

3 Å, for djup i Jesu
kjærleik!

Ingen stad eg kviler så.

Som eit mektig hav av
signing,

som ei hamn av fred og
ro!

Å, for djup i Jesu
kjærleik!

Der min himmels himmel
er.

Mine lengsler stig mot
trona,

mine augo Lammet ser.

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre oss til det evige livet. Amen  (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Tysdag 30.mars

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 113 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Markus 12, 28-37 og 13, 33-37

Bøn

Herre Jesus, rekk ut dine sårmerkte hender og velsigna
ditt folk. Sameina oss med deg og med kvarandre i
kjærleik. Amen

(nr.205 frå Bøneboka i Norsk Salmebok)

I dag ber vi spesielt for:

Omsorgssenter og bustadar i kommunen vår

Alle med leiaransvar i samfunnet- lokalt, nasjonalt og globalt

Frivillig arbeid og organisasjonsliv i lokalsamfunna våre

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk salmebok 358 För at du inte tog det gudomliga

T 1970 Olov Hartman

M 1975 Börge Ring

smälek och fattigdom,

vet vi vem Gud är.

1 För att du inte
tog det gudomliga
dig till en krona,
för att du valde

2 För att du lydde
fram till det yttersta
– döden på korset,
vet vi vad seger,

vet vi vad väldighet,
vet vi vad Gud är.

3 För att du nedsteg
hit till de plågade,
hit till de dömda,
vet vi att ingen
ensamhet finnes mer,
vet vi var Gud är.

4 Därför skall alla
sargade, döende,
alla de dömda,
säga med alla

heliga, saliga:
Jesus är Herre.

5 Därför skall alla
världar och varelses,
allt som har varit,
är och skall komma,
en dag bekänna det:
Jesus är Herre.

T © Olov Hartmans
dødsbo M © Börge
Ring/Musikringen S ©
Cantando Musikkforlag
AS

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre oss til det evige livet. Amen ☩ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Onsdag 31.mars

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 132, 13-18 og 133 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 14, 1-11

Bøn

Takk, gode Gud, for alle som gjer det gode: Lindrar
naud, tørkar tårer, trøystar den redde, tek seg av den
einsame og hjelpelause, kjempar for rettferd, ber urett,
gjer livet lysare for medmenneske, seier det gode ordet,

gjer dagens gjerning med truskap. Takk for at du kan lyfta gjerningar i kvardagen opp til teneste for deg.

(Nr. 189 i Bøneboka i Norsk salmebok)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Menneske på flukt

Alle som lever i fattigdom og krig

Alt arbeid for å lindre og hindre naud

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme

Norsk Salmebok 614 Vår lovsang skal møte deg

T 1976 Svein Ellingsen

M 1976 Harald Gullichsen

1 Vår lovsang skal møte deg, Kristus! Her lar du deg finne.

Vi takker og tilber deg! Underets time er inne!

2 Hva vi med vårt opprør mot Gud har lagt øde, skal bøtes

den hellige time når død og oppstandelse møtes.

3 Her er du, vår tjenende Herre og Mester, til stede blant oss som av vantro og nagende tvil holdes nede.

4 Det liv som var tapt, har du vunnet og gitt oss tilbake, du gir oss deg selv i det måltid du lar oss få smake.

5 Og vi som har sviktet deg, løftes til lovsang og glede! Du leder oss inn i ditt samfunn, i forbønnens kjede.

6 Vi takker og tilber deg! Underets time er inne! Vår lovsang skal møte deg, Kristus! Her lar du deg finne.

© Norsk Musikforlag A/S

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre oss til det evige livet. Amen ✠ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Skjærtorsdag - 1.april



Frå Austefjord kyrkje

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er livsens brød. Den som kjem til meg, skal ikkje hungra, og den som trur på meg skal aldri tørsta.»

Innleiing

Gud, gi oss troen tilbake; tro gjennom dypest mørke, liv gjennom natt og død!

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 116 frå Salmane

Bibeltekst: Evangeliet etter Lukas 22, 14-23

Andakt ved Kristian Myklebust, sokneprest i Volda

Å ete saman

Måltidet- det å ete saman- er noko av det mest menneskelege som finst, og det er noko av det mest grunnleggande som finst: Mennesket treng mat. Mennesket treng fellesskap med andre menneske. I måltidet får vi begge deler.

Nokre måltid hugsar vi lenge etterpå. Kanskje var det noko spesielt som hende eller vart sagt, eller ei viktig hendig vart markert, eller maten var spesielt god. Mange måltid har vi gløymt; tenk på alle dei trøytte frukostane du har ete i livet ditt. Samtidig har vi også overlevd fordi vi har ete alle desse gløymte måltida.

Måltida kan gje nye krefter, både for kroppen, for tankane og kjenslene. Men måltida kan også verte vanskelege og tause, dei kan vere tappande og slitsame. Måltidet ber i seg mykje av det samansette ved livet vårt.

For Jesus var også måltidet svært viktig. Når dei nærmar seg påske, fortel han læresveinane sine- dei næraste venane sine- at han «lengtar etter å halde måltid med dei» (Lukas 22,14) Dette er det siste han vil gjere før han skal lide og døy, og det er avgjerande for Jesus at han får samla dei rundt seg til måltid.

Dei et påskemåltidet, som er ein sentral del av den jødiske påskefeiringa til minne om utgangen frå Egypt. Dei samtalar, dei lyttar, dei syng, dei diskuterer, dei kranglar. Dei ler, dei er glade, dei er redde, dei er urolege. Alt på ein gong. Måltidet løyser seg opp etter nokre timar, og no Jesus er på veg mot krossfestinga.

Det siste Jesus gjer, er altså å ete saman med vennene sine. Samtidig opnar han også framtida opp for slike måltid, måltid der *han* også er: «Dette er min kropp, dette er mitt blod, gjer dette til minne om meg!»

Heilt i kjerna av den kristne trua finn vi altså eit måltid. Noko vanleg og viktig, noko menneskeleg, noko som har med fellesskap å gjere. Jesus er eit menneske som treng mat og fellesskap. Han har lengta etter det, slik vi lengtar etter gode fellesskap, gode samanhengar å høyre til i, gode stunder som gir nye krefter! Og samtidig vert dette vanlege her lyfta opp, forvandla, transformert: Å sitje til bords med Jesus, å ete og drikke, er å ha fellesskap med Gud! Ikkje først og fremst ved å vite, vere sikker, meine,

tenke rett, men ved å ta i mot gåvene ved bordet. Brødet, vinen, fellesskapen, gitt av Gud i våre tome hender.

I år kan vi ikkje invitere til måltid i kyrkja på skjærtorsdag. Nattverdborda rundt om i landet vert ikkje duka denne kvelden. Eg kjem til å sakne det. Mange lengtar etter å igjen kunne halde måltid. For mennesket treng mat. Mennesket treng fellesskap med andre menneske. I måltidet får vi begge deler. I nattverden får vi det vi treng for vandringa i tru, håp og kjærleik. «Kristi kropp, gjeven for deg. Kristi blod, utrent for deg.»

Bøn:

Herre Jesus Kristus,
du gav deg sjølv til soning for syndene våre
og innbyd oss til ditt heilage måltid.
Vi bed deg:
Samein oss med deg i brødet og vinen.
Ver oss nær sjølv når vi sviktar,
og lat oss med heile di kyrkje samlast hos deg i ditt
fullenda rike,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

(Dagens bøn for skjærtorsdag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Gleda over maten og for fellesskapet rundt måltidet
Alle som gjer at vi har mat og det vi treng- og for alle
rundt om i verda som ikkje har det.

Nattverden sine store gåver-som vi no ventar på å ta del i
Om kraft til å tene andre

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme Norsk salmebok 162 Såkorn som dør i jorden

T 1976 Svein Ellingsen

M 1976 Harald
Herresthal

1 Såkorn som dør i jorden,
oppstår som fylte aks.
Druer som knuses i
gjærkar,
modnes til gyllen vin.
Gud, gi oss troen tilbake:
tro gjennom dypest
mørke,
liv gjennom natt og død!

2 Vi som ble døpt til

Kristus,
døpt til hans død og grav,
eier oppstandelsens løfte:
lovsang og evig liv.
Himmelens lovsang
begynner
her hvor du selv er nær
oss,
midt i vår natt og død.


3 Såkorn som dør i
jorden,
lever i nye korn.
Kristus, i måltidets
samfunn

gir du oss livets brød.
Deg skal vi takke og tilbe!
Slektenes evige lovsang
stiger fra natt og død!

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen ☩ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Langfredag - 2.april



Frå Volda kyrkje

By Didier Descouens - Own work, CC BY-SA 4.0, <https://commons.wikimedia.org/w/index.php?curid=61573418>

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesus som seier: «Det er fullført.»

Innleiing

Når krossen underfull eg ser,
der Livsens hovding måtte døy,
all verdsens vinning armod er,
all stordom kverv som halm og høy

Å kjærleiks djup, å miskunns drott:
Var enn min rikdom hav og land,
og fekk du alt, det vart for smått.
Her er mi sjel, mitt liv, mi hand.
(Norsk salmebok 170)

Tekst frå profetane

Jesaja 53, 3-7

Bibeltekst: Evangeliet etter Lukas 22, 39-23,46

Andakt ved Per Kristian Hovden Sætre, sokneprest i
Austefjord, Hornindal og Storfjorden

Gud hjå oss

Eg rår eigentleg ingen til å sjå Mel Gibson si
filmatisering av langfredagsforteljinga, «The Passion of
the Christ» frå 2004. Det er trass i at filmen er påkosta
og dei har gjort eit stort arbeid for å gjere alt så autentisk
som mogeleg. Normalt hadde slikt gjort meg
overbegeistra. Hovudproblemet med filmen er at han er
så avsindig rå og brutal. Scenen der Jesus vert piska
varer nær eit kvarter, og det er ikkje spart på effektane.

Ein ting er at så mykje vald er hard kost i seg sjølv. Ein annan ting er at filmen er ein del av ein lang trend i kristendomen der ein legg vinn på å framstille Jesu lidningar som så ekstreme som råd. Me finn det både i salmeskatten og i kyrkjekunsten. Logikken verkar å vere at di større dei fysiske lidingane til Jesus er, di større frelse kjem det ut av dei. Dette ligg langt frå det evangelia fortel.

Evangelia skildrar at Jesus døyr ein smertefull død. Han er uskuldig dømd og døyr på skamfullt vis på ein kross. Berre slavar og folk utan romersk borgarrett vart avretta på denne bestialske måten. Samstundes er ikkje Jesus den einaste som har vore dømd uskuldig. Han er heller ikkje det einaste mennesket som har opplevd angsten og smerta eller mista livet på grufullt vis. Jesus er ikkje unik på denne måten. Tvert om er han ein av mange. Fleire som stiller seg kritiske til den kristne trua har påpeika dette. Dei har heilt rett. Lukasevangeliet, som me les frå på denne langfredagen, er ein nøktern kontrast til Gibson si såkalla autentiske utmåling av lidingane. Det er få detaljar. Evangelisten legg ikkje skjul på at Jesus døydd i løpet av nokre timar på krossen, medan det normalt kunne drage ut i dagevis, og dei to andre som vart krossfeste same dagen får ein stor plass i forteljinga. Poenget er ikkje at Jesus er så annleis. Tvert om er poenget at Jesus er ein av oss.

I jula feirar me at Jesus vart menneske. Det høyrer ut uskuldig ut når ramma er forteljinga om barnet i krubba. Det vert meir dramatisk når langfredagen syner kva som er den yttarste konsekvensen av juleevangeliet. I Jesus er Gud nær i alt det menneskelege, også i døden og lidinga.

Det er det unike med forteljinga om Jesu død. Ho forandrar biletet vårt av Gud. Gud er ikkje borte frå menneska, ikkje ein gong når me er såra og har det vondt. I det djupaste mørkret er livets Gud til stades. Det er langfredagsevangeliet. Og der livets Gud er, opnar vegen seg til påskemorgon og oppstoda. «Hugs på meg!» bad røvaren som var krossfest ved sidan av Jesus. «I dag skal du vere med meg til paradis,» svara Jesus.

Bøn:

Evige, nådige Gud,
du sende Son din for å lida og døy for vår skuld.
Vi bed deg:
Opna hjarta våre for gåtene i Kristi kross.
Lat krossen bli teiknet på håp
i ei verd merkt av liding og vondskap,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

Stille bøn

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen.

Salme

Norsk salmebok 137 Stille, stille Jesus lider

T 1893 Johannes Barstad
M 1923 Marianne Olsson
1 Stille, stille! Jesus lider,
blodet brenn, og sjeli
kvider,
det er fastetid!
Pinfullt er kvart steg han
stiger,
trøytt og sår han saman
siger
i den store strid.

2 Bleik og blodut, spotta,
slegen
gjeng han lydig pinsle-
vegen
for den vonde verd.
Klungerkrynt han tolsam

gjenger,
nagla til ein kross han
henger,
medan verdi ler.

3 Understore guddoms-
 kjærleik,
lat meg kjenna i din
nærleik
varmen av din eld!
Lat meg deg i hjarta hysa,
så du kan på vegen lysa
meg til siste kveld!

Velsigning

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre oss til det evige livet. Amen ☩ (Her kan du teikne deg med krossteiknet)

Påskeaften - Laurdag 3.april



Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om Jesu ord: «Eg er lyset i verda. Den som følgjer meg, skal ikkje vandre i mørkret men ha livsens lys.»

Innleiing

Hør vår helligaftens bønn! Hør oss, Guds, enbårne Son!
Hør oss denne påskekveld, ettergi oss all vår gjeld, så
oppstandne fra de døde, glad vår mester vi kan møte!
(NFS Grundtvig, nr 181 i Norsk salmebok)

Bibelsk salme

Salme 23 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Markus 15, 38-47 og Romarbrevet 6, 3-11

Bøn

Evige Gud, livsens opphav,
i denne natta reiste du Kristus opp av grava til det nye livet.

Vi lovprisar deg for kjærleiken din som er sterkare enn døden.

Vi bed deg:

Lys for oss når natta er mørk og styrk oss i dåpens nåde,
ved Son din, Jesus Kristus, vår Herre,
som med deg og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve. Amen

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For kvile og søvn, for rekreasjon og nyskaping

Om mot, håp og tru i tunge stunder

For våren og ljósare dagar

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma.
Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freisting,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt
og makta og æra i all æve.
Amen

Salme

Norsk salmebok 173 Hill deg, frelser og forsoner

T 1837 N.F.S. Grundtvig,
før 1250 Arnulf fra
Louvain

M 1878 C.C. Hoffmann

1 Hill deg, Frelser og
forsoner!
Verden deg med torner
kroner,
du det ser, jeg har i sinne
rosenkrans om kors å
vinde,
gi meg dertil mot og hell!

2 Hva har deg hos Gud
bedrøvet,
og hva elsket du hos
støvet,
at du ville alt oppgive
for å holde oss i live,
gi deg til oss fullt og helt?

3 Kjærligheten,
hjertegløden
sterkere var her enn
døden.
Du for vår skyld alt
forsaker,

og i lydighet du smaker
korsets død i alles sted.

4 Akk, nå føler jeg til fulle
hjertets hårdhet, hjertets
kulde!

Hva sprang ut av disse
fjelle
navnet verdt til å
gjengjelde,
Frelser, all din kjærlighet?

5 Dog jeg tror: Av dine
vunder
vell sprang ut til stort
vidunder,
mektig til hver sten å
velte,
til et isberg selv å smelte,
til å tvette hjertet rent.

6 Derfor ber jeg deg med
tårer:
Led den inn i mine årer,

floden som kan klipper
velte,
floden som kan isberg
smelte,
som kan blodskyld tvette
av!

7 Du som har deg selv
meg givet,
la i deg meg elske livet,
så for deg kun hjertet
banker,
så kun du i mine tanker
er den dype sammenheng.

8 Ja, jeg tror på korsets
gåte,
gjør det, Frelser, av din
nåde.
Stå meg bi når fienden
frister,
rekk meg hånd når øyet
brister,
si: Vi går til Paradis!

Velsigning:

Herren velsigne oss, og verne oss mot alt vondt, og føre
oss til det evige livet. Amen✠ (Her kan du teikne deg
med krossteiknet)

Påskedag - 4.april



Utsnitt av altartavla i Hornindal kyrkje

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om han som seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han så døyr!»

Innleiing

Han er oppstaden, dyre ord!
For all vår synd er soning gjord,
no er Guds himmel open!
Min Jesus sigra då han braut
dei piler døden mot meg skaut,
og knuste mørkheims våpen.
Å røyst, mi trøyst!
Sjå, med siger
fram han stiger.
Bøtt er skaden.
Han var død, men er oppstaden!

(Høgtidsverset til påskedag, Norsk salmebok 193)

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 118, 14-24 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Matteus 28, 1-10

Andakt ved Kristian Myklebust, sokneprest i Volda

Redde, men jublande glade!

I år er det denne setninga i påskeevangeliet som treff meg: «Då skunda dei seg bort frå grava; redde, men jublande glade.» For ein paradoksal sinnstilstand! For ei intens ladning av kjensler! Samtidig: Kor velkjent! Kor forståeleg! Kor menneskeleg!

Kvinnene har sett ei tom grav, og dei veit ikkje kva dei skal tru. Kven hadde vel visst det? Dei har nettopp vore vitne til noko som *ikkje* er: «Han er ikkje her!», får dei høyre. Nei, det kan dei sjå med eigne auge; ei tom grav, eit fråvere, ingen. Men kva i all verda betyr det?

I dette tome, i dette fråveret, ligg utgangspunktet for det utrulege, det utenkelege, det nye; det ikkje noko menneske kunne tenkt eller gjort. Men det er ikkje lett å vere vitne til! For korleis er ein vitne til noko som ikkje er? Korleis er ein vitne om ein som ikkje er der, ein som

dei visste skulle vere der, han som dei med dei same augene nokre dagar tidlegare såg død og gravlagd?

Kvinnene får eit svar, ei opning, ei tolking, ei mulighet: «Han er ikkje her- han er stått opp, som han sa!» Men kva skal dei tru? Kva skal dei tenke? Kva kjensler skal dei kjenne på?

2000 år seinare kjenner meg att i denne første responsen, i denne blandinga av frykt og glede. For slik er menneskelivet; det er frykt, redsel og uro tett vove saman med glede, fryd og jubel. Desse kvinnene er heilt som oss, dei lever i dette veldige spennet mellom den varme gleden og den kalde redsla. Sjølv i møte med den tome grava, som vi 2000 år seinare kan sjå som eit gledebodskap, vert kvinnene verande i dette doble: Frykt og glede, tett ved kvarandre.

Først seinare får den tome grava eit «svar»: Dei får sjå Jesus igjen, Han er levande, han kjem i mot dei; ser dei, helsar dei med fred. Då fell meir på plass i kvinnene: No kan dei tru at det er sant alt det han har sagt, no kan dei tru at Jesus er han som kjem frå Gud med liv og håp til menneska.

Men sjølv då, etter møtet med Jesus, er eg sikker på at dei kunne kjenne på begge desse kjenslene. Frykt og glede. Nokre gongar mest det eine, nokre gongar mest det andre, men likevel frykt og glede, tett saman. Trua tok ikkje dette bort, heller vart dette ein del av trua!

Slik er det framleis. Å tru på Han som har stått opp er ikkje ei enkel løysing, ikkje utan problem, slett ikkje nokon garanti mot frykta og sorga. Den kristne

påsketrua er heller ei tru som skal ha plass til både frykta vår og gleda vår- og alt dette andre som fyller oss. Det er ei tru på at Han som står opp alltid er der midt i våre dagar, midt i vår verd slik ho er. Det er ei tru på at den tome grava og møtet med Jesus kastar eit nytt og varmt lys over alt som er. Det er ei tru på at vi vert teke vare på av han, i liv og død. Det er ei tru på at ein morgon skal også vi få del i ei oppstode som er lik hans. Det er ei tru på og eit håp om at ein dag skal det berre vere gleda som er att.

Truvedkjenninga

Vi trur på éin Gud,
den allmektige Far,
som har skapt himmel og jord,
alt synleg og usynleg.

Vi trur på éin Herre, Jesus Kristus,
Guds einborne Son,
fødd av Faderen før alle tider,
Gud av Gud, lys av lys,
sann Gud av sann Gud,
fødd, ikkje skapt,
av same vesen som Faderen.
Ved han er alt skapt.
For oss menneske og til vår frelse
steig han ned frå himmelen,
og ved Den heilage ande og av Maria møy
vart han menneske av kjøt og blod.
Han vart krossfest for oss under Pontius Pilatus,
leid og vart gravlagd,
stod opp tredje dagen etter Skriftene

og fór opp til himmelen,
sit ved høgre handa åt Faderen,
skal koma att i herlegdom
for å døma levande og døde,
og hans rike skal vera utan ende.

Vi trur på Den heilage ande,
som er Herre og gjer levande,
som går ut frå Faderen og Sonen,
som vert tilbeden og æra saman med Faderen og Sonen
og som har tala gjennom profetane.
Vi trur på éi heilag, allmenn og apostolisk kyrkje.
Vi vedkjennest éin dåp til forlating for syndene
og ser fram til oppstoda av dei døde
og eit liv i den komande verda.
Amen.

Bøn

Jesus Kristus, oppstadne Herre og Frelsar,
vi takkar og lovprisar deg.
Du har brote opp dødens lenkjer og knust djevelens
makt.
Vi bed deg:
Fyll hjarta våre med glede, ved det levande håpet du har
gjeve oss,
så vi som kvinnene ved grava kan vitna om di oppstode,
du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.Amen

(Dagens bøn for påskedag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

Det nye livet i Kristus Jesus!

Påskefeiringa i kyrkja over heile verda- i ei spesiell tid

Om håp der dødskreftene framleis rår

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme:

Norsk salmebok 202 Syng det ut med glede

T 1910 Anders Hovden

M 1863 Ludvig M.

Lindeman

1 Syng det ut med glede,

alle munnar kveda

høgt mot påskedag:

Livet det har vunne,

dauden bane funne

i langfredags slag!

Steig or grav

som sol av hav

fagert under

morgonraude

Jesus opp av daude!

2 Syng det ut med fagnad!
Ljos er no vår lagnad
etter sorg og strid.
Han, vår fyrstegrøda,
som så sårt laut bløda
i langfredags rid,
opna veg
for meg og deg
gjennom daudens dal og
fæla
inn til liv og sæla.

3 Syng no sigertonar:
Jesus, vår forsonar,
vann oss livsens land,
sit no høg og herleg,
ljøs og frelsarkjærleg
ved Guds høgre hand!
Jesus rår
og nådens år
har på nytt i verdi runne,
ved hans kjærleik vunne.

Syng gjerne fleire påskesalmar, frå 186- 215 i Norsk salmebok!

Velsigning:

Herren velsigne deg og vare deg.
Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.
Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)

2. Påskedag - 5.april

Lystenning og stille

Finn ein roleg stad og set deg godt til rette. Tenn eit lys. Lyset minner oss om han som seier: «Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg skal leva om han så døyr!»

Innleiing

Herre, lat opp mine lepper,
så min munn kan lovprise deg.

Herre, kom og berg meg.

Herre, skund deg og frels meg.

Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som
det var i opphavet, så no og alltid og i all æve. Amen.

Bibelsk salme

Salme 117 frå Salmane

Tekstlesing

Tekst: Evangeliet etter Lukas 24, 36-45

Bøn

Oppstadne Frelsar, Jesus Kristus,
du viste deg for menneske som var blinda av sorg.

Vi bed deg:

Kall oss ved namn, bryt brødet og skjenk vinen,
så vi kan kjenna deg att
og jubla over at du lever og er midt iblant oss,

du som med din Far og Den heilage ande lever og råder,
éin sann Gud frå æve til æve.Amen

(Dagens bøn for 2. påskedag)

I dag takkar og ber vi spesielt for:

For alle som er einsame og som saknar nokon

Om påska sitt lys over dagane som kjem

Herrens bøn

Vår Far i himmelen.

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt

og makta og æra i all æve.

Amen.

Salme:

Norsk salmebok 207 Livet vant, dets navn er Jesus

T 1973 Olov Hartman

O 1980 Eyvind Skeie

M Lyra Davidica 1708/1749

1 Livet vant, dets navn er
Jesus.

Halleluja.

Han var død, men se han
lever.

Halleluja.

Dødens porter åpner han,
halleluja,

viser vei til livets land.

Halleluja.

2 Hva er murer, hva er
graver?

Halleluja.

Han er med oss alle
dager.

Halleluja.

Én er Herren, én vår tro.

Halleluja.

Ett er brødet på hans
bord.

Halleluja.

3 Brødet brytes, vinen
deles,

halleluja,

for at vi ved tro skal leve.

Halleluja.

Av vår hyrde, sterk og

god,

halleluja,

får vi liv og overflod.

Halleluja.

4 Jesus døde for oss alle.

Halleluja.

Vi skal leve for hverandre.

Halleluja.

Jesus oppstod. Så skal vi,

halleluja,

oppstå til et evig liv.

Halleluja.

T © Olov Hartmans

dødsbo O © Eyvind Skeie

Velsigning

Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den heilage
Andens samfunn vere med oss alle! Amen ✠ (Her kan
du teikne deg med krossteiknet)



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Volda

Rådhusgata 6a – tlf 70 07 40 90

volda.kyrkja.no